



PROTOKOLL ÅRSMØTE 2025

Skei, 23. mars 2025

Opning

Møteleiar opna møtet og ynskte velkommen kl. 11:00.

1. Namneopprop

Dei oppmøtte presenterte seg sjølve med fullt namn og kva lag dei representerte. Kvart lokallag har rett på to utsendingar med stemmerett. Styret i SFFL har òg røysterett ved unnatak av godkjenning av rekneskap og årsmelding.

Til stades med stemmerett:

Naustedalen spelemannslag: Rigmor Bjørkedal

Indre Sunnfjord spelemannslag: Hilde Bjørkum, Nils Helgheim

Eid spelemannslag: John Roar Øien, Terje Grinde

Sogn spel- og dansarlag: Mari Skjerdal Lysne, Marin Stallemo Bakke

Dalsfjorden spelemannslag: Ove Igelkjønn

Gloppen hardingfelelag: Liv Fridtun

spelemannslaget Fjelljom: Idar Holen

Glopperaddane: Kjersti Rønningen

Nordbygda spel- og dansarlag: Kjartan Naustdal

Folkemusikklaget Havbrusen: Egil Furenes, Dorteia Rennestraum Alisøy

Vindfylla spelemannslag, styremedlem: Berner Midthjell

Styreleiar i Sogn og Fjordane folkemusikklag: Aud Sissel Orheim

Styret: Kirsten Johanne Friis, Berner Midthjell, Magnus Skjerdal, Judith Vestreim

Utan stemmerett: Leiar i valnemnda: Knut David Hustveit

Observatørar: Representant frå FolkOrg: Live Visdal

Medlemmer som ikkje er utsendingar: Ingen

Administrasjon: Nikolai Storevik (dagleg leiar)

2. Val av møteleiar

Vedtak: Møteleiar: Aud Sissel Orheim

3. Val av skrivar

Vedtak: Skrivar: Kirsten Johanne Friis og Marin Stallemo Bakke

4. Val av to til å skrive under protokoll

Vedtak: Årsmøtet vel Mari Skjerdal Lysne og Liv Fridtun til å skrive under protokollen;

5. Godkjenning av innkalling

Vedtak: Årsmøtet godkjenner innkallinga

6. Godkjenning av sakliste

Vedtak: Årsmøtet godkjenner saklista.

7. Oppsummering og tilbakemeldingar etter kappleiken.

Arrangøren oppsummerar kappleiken:

- gjekk veldig fint
- godt samarbeid med folkemusikklaget og hotellet
- god info på nett
- positiv stemning , ingen klagar
- ser seinare på budsjett og reknskap og rapporterer i høve dette samt deltakartal
- arr.:svært godt nøgde
- detaljert tidsplan fungerte godt

Årsmøtet kom med følgjande tilbakemeldingar.:

- all ære til arrangøren for godt gjennomført arr. Som fungerte veldig bra utan «knirk»
- litt for mykje «dansefest» med lyd i salen under tevlingar
- pr er vanskeleg, finne gode opplegg for å få ut info om kappleiken er utfordrande
- Nikolai: har fokusert på mange sosiale media, invitert ulike journalistar og sendt artiklar som dei berre kunne setje inn i sine media
- kunne dommarane vere plasserte annleis? Opphøgd?
- minne salen på at det skal vere stilt i salen under tevling
- framlegg om å få spele fire slåttar slik at dei får meir variasjon i musikken/dansetypar
- tidsskjema: for mange klokkeslett som skapar forventningar om å følgje tidsskjema. Utfordrande når ein ligg føre tidsskjema. Det fører til stress i høve øvingar osv, pausar bør fylle ut slik at ein kan følgje tidsskjema
- kjekke kveldar
- nok med ein presentasjon, vokal, anten programleiar eller utøvar
- betre system no med påmeldingar, stemnekontor

- legg inn gode idear til laget, nettside
- hugs kappleiksklokka til neste lag (arrangør)

Vedtak: Årsmøtet tek oppsummeringa til vitande.

8. Årsmelding 2024

Møteleiar les gjennom samandraget av årsmeldinga for 2024.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2024.

9. Rekneskap 2024

Dagleg leiar la fram rekneskapen for 2024.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2024. med framlegg om framtidig synleggjering av prosjektmidlar i note til rekneskapen, og kva overskotet går til.

10. Innkome saker frå medlemmer

Jmfr. §4 i vedtektene til Sogn og Fjordane folkemusikklag skal innkome saker sendast inn til styret seinast 5 veker før årsmøtet, dvs. 16. februar. Det er kome inn ei sak frå Indre Sunnfjord spelemannslag:

Klasseinndeling på Vestlandskappleiken

Fleire kappleiksdeltakarar har reagert negativt på den nye klasseinndelinga som vart praktisert på Vestlandskappleiken 2024. Her vart klassar slått saman til t.d. Dans senior og spel senior, i staden for oppdeling i A, B og D-klasse. Dette er lite motiverande for mange av dei som vanlegvis deltek i B-klassa. Dei må konkurrere mot dei aller beste, og har oftast liten moglegheit for å toppe klassa. Dette er demotiverande og kan resultere

i at færre ynskjer å delta på kappleik, noko vi meiner er svært uheldig. Vi ynskjer at Sogn og Fjordane Folkemusikklag oppmodar komande arrangørar om å nytte dei vanlege klasseinndelingane som er nedfelt i FolkOrg sitt kappleiksreglement både på Vestlandskappleiken og Sogn og Fjordane-kappleiken.

Vedtak: Årsmøtet vedtek at SFFL oppmodar om å endre vedtektene til Vestlandskappleiken slik at det vert ABCD-klasseinndeling i staden for junior/senior-klasseinndeling.

11. Arbeidsprogram 2025-2027

Møteleiar la fram saka.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner arbeidsprogrammet for 2025-2027, slik det står skrive med følgjande tilføyingar:

- *auka fokus på eldre folkemusikkinstrument*
- *auka fokus på bygdedans på ulike arena, som dansetilstelningar på kappleikar*
- *auka fokus på meir info ut i media, nrk, aviser osb.*

12. Aktivitetsplan 2025

Møteleiar la fram saka.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner aktivitetsplanen for 2025, slik det står skrive med tilføying om at Landskappleiken skal førast på juni-2025.

13. Medlemspengar 2026

Vedtak frå styret:

Styret innstiller på å ikkje endre kontingentsatsane. Born og unge skal framleis betale 40 kroner, vaksne 100 kroner og lag 900 kroner for medlemskap.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner framlegg til vedtak på kontingentsatsar for 2026.

14. Budsjett 2025

Dagleg leiar la fram budsjett for 2025.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjett 2025 med følgjande endring:

Restmidlar frå prosjektet Folkedansespor blir avsett inn i 2025-budsjettet.

Framtidige budsjett får avrunding av tal til heile tusen kroner.

15. Val

Repr. for valnemnda Knut David Hustveit la fram valnemnda si innstilling.

Årsmøtet gav framlegg om ny representant i valnemnda då Knut David Hustveit går ut.


Vedtak: Egil Furenes vald som ny representant

Vedtak: Årsmøtet godkjenner framlegget frå valnemnda.

Møtet vart heva kl. 1300.



Kirsten Johanne Friis, Referent



Mari Skjerdal Lysne,
Protokollunderskrivar,
Sogn spel- og dansarlag



Liv Fridtun,
Protokollunderskrivar,
Gloppen hardingfelelag

Valnemnda sitt framlegg til val på årsmøtet i Sogn og Fjordane folkemusikklag 2025:

Vedtektene til Sogn og Fjordane folkemusikklag seier dette om val i §5:

Styret er samansett av ein leiar og fire faste medlemmer. Leiaren vert vald av årsmøtet for eitt år, styremedlemmene for to år slik at to er på val kvart år. Dessutan vel årsmøtet for eitt år tre varamedlemmer til styret, og ein revisor. Det skal også veljast ei valnemnd på tre personar for tre år om gongen og der ein er på val kvart år. Den som har sete i to år vert automatisk leiar i nemnda i sitt tredje år. Dersom nokon av utsendingane krev det, skal vala skje skriftleg. Styret konstituerer seg sjølv.

§ 4 i vedtektene seier også at årsmøtet skal velgje utsending(ar) til årsmøtet i FolkOrg.

Framlegg til leiar (på val kvart år):

Aud Sissel Orheim (attval)

Framlegg til styremedlemmer:

Judit Vestrheim (attval)

Kirsten Friis (attval)

Magnus Skjerdal er ikkje på val i år

Berner Midthjell er ikkje på val i år

Framlegg til varamedlemmer (alle på val kvart år):

1. varamedlem: Marin Stallemo Bakke (attval)

2. varamedlem: Dorteia R. Alisøy (ny)

3. varamedlem: Sigmund Larsen (attval)

Revisor:

Etter at laget inngjekk avtale med det autorisert rekneskapsbyrået Økonomiservice AS er det ikkje lenger krav til at laget skal ha revisor. Dermed har det ikkje vore valt revisor etter dette.

Om årsmøtet likevel ynskjer å gjennomføre val her er valnemnda sitt framlegg at det vert valt rekneskapsbyrå.

Framlegget frå valnemnda er då:

Økonomiservice AS (attval).

Framlegg til val av utsending til Landsmøtet i FolkOrg 2025:

Styreleiar med nestleiar i styret som 1. varaperson. Deretter ein annan frå styret.

Valnemnd:

Vedtektsendringa i 2023 stadfestar opplegget for val av valnemnd som laget har nytta i den seinare tid. Dette gjev grunnlag for følgjande oppsummering for 2025:

- Mari Skjerdal vart vald i 2023. Ho får dermed 3. året i 2026 og vert leiar i nemnda i 2026.
- Liv Fridtun vart vald i 2024. 2026 vert dermed hennar 2. år i valnemnda
- **Ny representant. NB!! Årsmøtet kjem sjølv med framlegg til dette valet.**

Det har vore vanleg å prøve å finne ein representant frå kvar av dei tre fogderia i Sogn og Fjordane.

Mari Skjerdal kjem frå Sogn og Liv Fridtun frå Nordfjord, Dette er ikkje nedfelt som krav i vedtektene, men har vere sedvane. Dette medfører i så fall at den nye medlemmen av nemnda kjem frå Sunnfjord

Med dette som utgangspunkt foreslår valnemnda at årsmøtedeltakarane kjem med framlegg til ny kandidat i nemnda, **og ikkje minst**, har spurt vedkommande om ho/han er villig til å stille.

Valnemnda 2025:

Knut David Hustveit, leiar (3. år)
Flekkje 21. 02. 2025

Mari Skjerdal Lysne(2. år)

Liv Fridtun (1. år)